

## Reguleringsføresegner

### Reguleringsplan Vest-Telemark Museum, Eidsborg, del av gnr. 35, bnr. 1, 2, 19, 21, 22, og gnr. 34, bnr. 9, m. fl. i Tokke kommune

Føresegnene gjelder for området vist med reguleringsgrense på plankartet datert 30.10.08.

#### Rekkefølgeføresegner (Pbl. §26)

- a) Når ny felles avkjøring er bygd skal eksisterende avkjøring til området stengjast for kjørande. Eksisterende avkjøring kan nyttast til privat gangtilkomst.
- b) Registrerte kulturminne i planlagt ny tilkomstveg til museet skal frigjevast før det kan gjevast grave- og anleggsløyve til bygging av vegen.

#### Fellesføresegner

1. Dersom det under arbeide i marka kommer fram gjenstandar eller andre spor frå eldre tid, skal arbeidet stansast og melding umiddelbart sendast Telemark fylkeskommune, kulturminnevernseksjonen, jf. lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne (kulturminneloven), § 8, 2. ledd.
2. Ved byggetiltak nær verneverdige kulturminne skal det leggjast særskilt vekt på heilskapsvurdering av omsyn og tilpassing til miljøet.

#### Nr. 1 Byggeområde (Pbl. §25, 1. ledd nr. 1)

##### 1.1. Fellesføresegner

- a) Bygningar skal plasserast og utformast slik at dei faller naturleg inn i bygningsmiljøet i området.
- b) Byggegrep, tilkomst, parkering og utomhusareal skal utformast og plasserast slik at synlege terrengingrep vert minst moglege.
- c) Ikkje utbygde delar av tomta skal gjevast ei tiltalende utforming.
- d) All graving og sprenging skal utførast skånsamt. Områder som ikkje nyttast til veg, parkering, byggegrunn og uteareal skal i størst mogleg grad førast tilbake til opphavleg utsjånad.

##### 1.2. Offentleg bygning - Kyrkje (BOK)

- a) Området skal nyttast til bevaringsverdig kyrkjebygg (stavkyrkje) og gravplass.
- b) Bygningsmessige tiltak og grave og anleggstiltak, skal leggjast fram for riksantikvaren og godkjennast av kommunen.

*Sjå også føresegnene punkt 6.6. nedanfor.*

### **1.3. Allmennyttig føremål – Museum (BAM 1)**

- a) Område BAM 1 skal nyttast til utviding av museumsbygningar for Vest-Telemark Museum, herunder utstillingsrom og verkstad.
- b) Maksimalt tillete bygd areal, BYA = 4000 m<sup>2</sup>, eksklusive parkering.
- c) Maksimal gesimshøgde/mønehøgde: 10,5 meter.
- d) Alle tekniske installasjonar skal integrerast i arkitekturen.
- e) Bygnaden skal ha saltak og/eller pulttak.

### **1.4. Allmennyttig føremål – Museumsområde (BAM 2)**

- a) Område BAM 2 skal nyttast til museumsområde der det er tillete å flytte til /føre opp bevaringsverdige bygningar og anlegg tilhøyrande Vest-Telemark Museum.
- b) Plassering av nye bygningar i området skal leggjast fram for riksantikvaren og godkjennast av kommunen.
- c) Før kommunen gjev løyve til eksteriørendringar eller ny bygnad inntil eksisterande, skal det kulturminnemynda uttale seg.
- d) Annen verksemd kan tillatast der det etter riksantikvaren og kommunen sitt skjønner er foreinleg med omsynet til dei regulerte bygningars eller bygningsmiljøet sitt historiske, arkitektoniske og miljømessige verdi.

## **Nr. 3 Offentleg trafikkområde (§25, 1. ledd nr. 3)**

### **3.1. Køyreveg (TKv) og anna trafikkområde (TAn)**

*Ingen føresegner.*

## **Nr. 6 Spesialområde (§25, 1. ledd nr. 6)**

### **6.1. Privat veg og parkering (PVP)**

- a) Framføring av veg og opparbeiding av parkering skal gjerast så skånsamt som mogleg. Skjering og fylling skal dekkjast med natursteinsmur, jord eller bark, og elles få ein taltalande utforming og avslutning.

### **6.2. Friluftsområde (F)**

- a) I området er det ikkje tillete å drive verksemd eller føre opp bygg eller anlegg, som etter kommunen sitt skjønner kommer i konflikt med området sin funksjon som "grøn" innramming av kyrkjanlegget.
- b) På grunnlag av godkjent teknisk plan kan det gravast ned leidningsanlegg (vatn, avlaup, straum, telefon, TV - kabel med meir) i friluftsområde. Terrengformasjonar og vegetasjon skal takast vare på/førast tilbake til opphavleg utsjånad.

- c) I friluftsområde kan det etter godkjenning frå kommunen setjast opp informasjonstavle, benker, bord o.l.
- d) Det er tillete med normal hogst og rydding av vegetasjon i friluftsområdet for å betre sikt-, lys- og soltilhøve. Dette skal gjerast på ein slik måte at landskapsbildet vert oppretthalde.

### **6.3. Privat gangveg (PGv)**

*Ingen føresegner.*

### **6.4. Bevaring av bygning (BevB)**

- a) Omriss av verneverdige bygningar og anlegg er særskilt avmerka på plankartet. Bygnaden regulerast med eksisterande etasjetal og gesimshøgder.

### **6.5. Bevaring av anlegg (Kokegrop) (BevA) - automatisk freda kulturminne**

- a) Innanfor området er det registrert kokegrop. Kulturminne er automatisk freda etter kulturminneloven § 4, jfr. §§3 og 6.

### **6.6. Bevaring av bygning og anlegg (BevBA)**

- a) Omriss av verneverdig bygning (stavkyrkje) er særskilt avmerka på plankartet. Tilliggjande grav- og urnelund er underlagt same reguleringsføre mål. Bygnaden regulerast med eksisterande etasjetal og gesimshøgder.
- b) Eksisterande vegfar, terreng, vegetasjon, steingjerder og liknande, skal takast vare på.
- c) Før kommunen gjev løyve til bygge, grave eller anleggstiltak, skal det hentast inn uttale frå kulturminnemynda.

### **6.7. Frisiktsone**

- a) Det er ikkje tillete med anlegg eller tiltak i frisiktsona som er høgare enn ½ meter over nivået på tilstøytande veg, eller som på annan måte hindrar fri sikt, for eksempel snø og snøopplag, unntatt oppkvista tre, stolper og liknande.

## **Nr. 7 Fellesområde (§25, 1. ledd nr. 7)**

### **7.1. Felles avkøyring (FVP)**

- a) Området skal nyttast til felles tilkomst for eigedommane med gnr./bnr. 30/2, 35/1 og 2 , 37/1 og 38/1 og 2.

Seljord 03.11.08  
for 3D Arkitekter AS

---

**Knut Tangen**  
Siv. Arkitekt, MNAL

## SAKSHANDSAMING ETTER PLAN- OG BYGNINGSLOVA:

Varsel om oppstart av planarbeid:	17.10.07
Handsama første gang i det faste utvalet for plansaker. PI-sak 0xx/08,	dd.mm.08
Utlagt til offentlig ettersyn i tidsrommet:	dd.mm.08 – dd.mm.08
Handsama andre gang i det faste utvalet for plansaker. PI-sak 0xx/08,	dd.mm.08
Godkjent i kommunestyret, K-sak 0xx/08,	dd.mm.08
Tokke/Dalen den .....	

.....  
Ordfører

.....  
Stempel

Revidert:

Dato:

Signatur:

Stempel

---

---

---